

Ikkje-fornybar ressurs – olje

OLJE

ALGAR


PLANKTON

SVART GULL

OLJEPLATTFORM

Noreg har olje.
Olje blir henta opp frå
fjell under havet.






Ikkje-fornybar ressurs – olje

Olje er laga av trillionar av bitte små algar og plankton som døydde og sokk til botnar i havet. Dette skjedde for ca. 300 millionar år sidan. Med tida vart dei dekte av leire og sand. Her vart det så høg temperatur at algane og planktona vart «kokte». Ut pipla det olje som steig oppover til han trefte eit lokk av stein.

Store oljeplattformer syg ut oljen. Det er her vi i Noreg hentar ut store mengder «svart gull».






Ikkje-fornybar ressurs – olje

Olje er laga av trillionar av bitte små algar og plankton som døydde og sokk til botnar i havet. Dette skjedde for ca. 300 millionar år sidan. Med tida vart dei dekte av leire og sand. Etter kvart var restane eit par kilometer under bakken. Her var det så høg temperatur at algane og planktona vart «kokte». Oljen som oppstod i denne prosessen, pipla ut av laga og strøymde oppover til han treffte eit lokk av stein.

Ingeniørar har konstruert store oljeplattformer som blir plasserte over desse områda med olje ute i havet. Digre boremaskiner med diamantar på tuppen borar hol i fjellet under vatn. I hola blir det sett store røyr som syg ut olja. Det er her vi i Noreg hentar ut enorme mengder «svart gull».







Kva produkt blir laga av olje?

Kva finst rundt deg som er laga av eller bruker olje?

Sjekk ut og lag ein stor plakat saman for å opplyse andre om kva vi bruker av ikkje-fornybare ressursar. Bruk eventuelt internett og søk opp kva produkt vi nyttar i kvardagen vår som nyttar olje og gass.





Oljebaserte materiale blir brukte i ulike klede

I mange år har klesindustrien nytta seg av produkt baserte på olje til å lage nye materiale.

Det er verdt å merke seg at sjølv om oljebaserte materiale som polyester og nylon er vanlege i klesindustrien, har det vorte ei aukande forståing for behovet for meir berekraftige og miljøvennlege alternativ. Mange produsentar og forbrukarar er no interesserte i å velje klede laga av fornybare eller resirkulerte materiale for å redusere avhengnaden av ikkje-fornybare ressursar som olje.

Her er nokre vanlege døme på materiale som er baserte på olje:

POLYESTER er ein syntetisk fiber som er laga av petroleumsprodukt. Polyester blir mykje brukt i klede som T-skjorter, bukser, kjolar, jakker og sportstøy.

NYLON er ein annan syntetisk fiber som opphavleg vart utvikla som erstatning for silke. Nylon er laga av petroleumsprodukt og blir brukt i klede som strømpebukser, undertøy, badetøy og yttertøy.

AKRYL er ein syntetisk fiber som er laga av petroleumsderivat. Akryl blir ofte brukt i genserar, hattar, teppe og pledd.

SPANDEX, også kjent som **ELASTAN** eller **LYCRA**, er ein syntetisk fiber som er elastisk og gir god stretch. Det blir brukt i klede som leggings, undertøy, badetøy og sportsklede.

POLYURETAN er eit syntetisk materiale som blir brukt i klede, spesielt som eit belegg eller ein membran for å gi vasstettleik eller pusteevne i regnklede, skaljakker og sportsklede.

Oppgåve

Sjekk ut merkelappane på kleda du har på deg.
Kva for nokre av dei er laga av materiale basert på olje, og kva er laga av materiale som ull, bomull og silke?



Skriv ei liste over type klede, og sjekk ut om det er nokon samanheng mellom materiale og type klede.